

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek temaplanen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring», mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland 2021-2025. Planen skal vere grunnlag for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanperioden.

Mål:

1. Elevar og lærlingar i Vestland har det beste opplæringstilbodet
Vert endra til: Elevar og lærlingar i Vestland har det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø.
2. Eit godt samansett lag utviklar eleven, lærlingen og skulen.
3. Opplæringa er heilskapleg frå grunnskule til fullført utdanning.
Vert endra til: Vidaregåande opplæring har god samanheng med grunnskule og er heilskapleg, fram. til arbeidsliv eller høgare utdanning
4. Vidaregåande opplæring er ein viktig utviklingsarena for ungdom, vaksne og arbeidsliv.
Vert endra til: Vidaregåande opplæring i Vestland er ein viktig utviklingsarena for ungdom, vaksne og arbeids- og samfunnsliv.

Mål 1

Strategiar:

- 1.1. Alle elevar og lærlingar kjenner seg likeverdige, blir sett og har reell medverknad
Vert endra til: Alle elevar og lærlingar er og kjenner seg likeverdige, vert sett og har reell medverknad

Mål 3:

Strategiar:

- 3.1. Elevane og lærlingane har samanheng og tryggleik i alle overgangar.

Vert endra til: Vidaregåande opplæring har god samanheng med grunnskule og er heilskapleg, fram til arbeidsliv eller høgare utdanning.

2. Fylkestinget vedtek at temaplanen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring», mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland 2021-2025 skal vere eit styringsdokument som skal implementerast i sektoren og i skulane sine utviklingsplanar.

3. Hovudutval for opplæring og kompetanse skal i sitt arbeid legge temaplanen til grunn i sine prioriteringar for sektoren.

4. Det skal utarbeidast eit tilhøyrande handlingsprogram for perioden 2021 - 2025 der tiltak og prosessar er tidfesta og kostnadsrekna. Handlingsprogrammet skal innehalde konkrete tiltak som sikrar eit likeverdig tilbod i alle delar av fylket. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg.